



Informasjon om tracking via RaceQs


Hjeltefjorden Eintypeserie torsdagar vert enda kjekkare dersom alle deltakarane brukar gratisapp'en RaceQs for å spore båten under regattaen. Dette gjer høve til å følgja regattaen live samt spela av sporinga i etterkant.

På <http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=1904> vil det bli publisert invitasjonslink til Hjeltefjorden Eintypeserie torsdagar og publikum kan fylgja med via link i det grønne live-feltet på <http://www.seilmagasinet.no/regatta?regatta=1904>

Sjå elles www.raceQs.com for meir info og demonstrasjonsvideoar.

Instruksjon for oppsett på telefon

1. Last ned gratis app RaceQs til din [Android](#) eller [iPhone](#)
2. Opne app'en og logg inn med eksisterende Facebook eller Gmail konto, alternativt kan du laga ein ny konto ved å bruke ein e-post adresse.
3. Gå til settings og legg inn namn og seglnummer samt lengde på båten.
4. Du bør óg auka «Recording time» under «Auto shutoff» til maksimum for å unngå at sporinga stoggar før regattaen er ferdig.
5. Ha fullada batteri for å unngå at han stoggar undervegs.
6. Dersom du ynskjer «live» tracking skruv du på «Live Streaming». Dette vil gjera det meir interessant for dei som føl regattaen live via nettet.
7. For å starta sporinga kan du anten bruka «preset start» i settings eller trykkja «Start tracking» på skjermen når det til dømes er 10 minutt att til start.
8. Sporinga vil automatisk bli lasta opp anten «live» om du har valgt det og har dataforbindelse eller så vert sporinga sendt når trackinga vert stogga og du har nettforbindelse.



Spør gjerne andre seilere, same system vart nytta med suksess på fleire regattaer i 2014.

Helsing
Kjell Magnus Økland